

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	01.12.2011	101/11	HVA
Kommunestyret	15.12.2011	054/11	HVA

Avgjerslemynde: Kommunestyret	Arkiv: K2-A00	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Helge Vallestad	Objekt:	11/969

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKULELOVA - NASJONAL FASTSETJING AV LÆRARTETTLEIK I GRUNNSKULEN M.M.

Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.10.2011	Magnhild Aasan	Høyring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskulelov - Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m.
2	U	18.10.2011	Skulane	Høyring om endringar i opplæringslova
3	I	17.11.2011	Hordabø skule - samarbeidsutvalet	Særutskrift - møte i samarbeidsutvalet
5	I	18.11.2011	Austebygd skule - samarbeidsutvalet	Særutskrifter frå samarbeidsutvalsmøte
4	I	23.11.2011	Sæbø Skule - samarbeidsutvalet	Særutskrifter møte i samarbeidsutvalet 10. november 2011
6	I	24.11.2011	Manger skule v/ rektor Inger Morken Ellingsen	Særutskrift SMU-møte

Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut framlegg til tre endringar i opplæringslova og privatskulelova:

- *Innføre nasjonale bestemmelser om lærertetthet i grunnskolen.*
- *Innføre lovbestemmelse som klargjør at skoleeier kan organisere særskilde innføringstilbud for nyankomne minoritetsspråklige elever.*
- *Innføre lovbestemmelser om opplæring ved behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK).*

Rådmannen sende saka til høyring i samarbeidsutvala ved skulane. Rådmannen gjorde i høyringsskrivet klart at han støtta dei to siste endringsframlegga, men viste til klare motførestillingar når det gjeld framlegget om minstestandardar for lærartettleik. Samarbeidsutvala ved Austebygd, Hordabø, Manger og Sæbø skule har gjeve høringsuttale.

I den følgjande drøftinga tek rådmannen for seg det departementet sitt høringsbrev seier om auka lærartettleik.

Kunnskapsdepartementet ønskjer: ”å sikre at de samlede lærerressursene står i forhold til antall elever på skolen eller i kommunen sett under ett.” Dette vil dei gjera ved å nytta omgrepet ”beregnet gjennomsnittlig gruppestørrelse 2” frå Grunnskolens informasjonssystem

(GSI) og fastsetja tal for gruppestorleik som kommunen ikkje har lov å gå utover. Slike tal kan byggja på snittet for kvar skule eller for heile kommunen.

Kva nivå ein legg lovleg gruppestorleik på og om kontrollen vert gjort på skule eller kommune-nivå, er avgjerande for ressurstongen reforma utløyser. Departementet syner at med kontroll på skulenivå og maksimal gruppestorleik 20 elevar på 5. til 10. trinn, og 15 elevar på 1. til 4. trinn, vil dette på landsbasis utløyse trong for knappe 2800 lærarårsverk, med ein kostnad på 1,5 til 2 milliardar kr.

Det kjem vidare fram i departementet sine drøftingar at desse årsverka i hovudsak kjem i byar/ tettbygde strøk, at nasjonen av ulike grunnar vil ha trong for mange lærarar i åra som kjem, og at dette tiltaket kan forsterka rekrutteringsproblema, kanskje særleg i mindre tettbygde strøk. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om kontrollen bør liggja på skule- eller kommunenivå.

Skulane tykkjer dette er ei vanskeleg sak. Dei ønskjer gjerne fleire lærarar i klassen/gruppa og helsar velkomen tiltak som kan betre situasjonen for lærarane. Samstundes finn dei at ulempene ved dette framlegget truleg er uakseptable.

Hordabø seier det slik:

Me ser alt i dag at det er dårleg rekruttering av lærarar i distrikta, ikkje minst er det trong for mannlege lærarar. Me ser at endringsframlegget vil føra til at ein får ei styrking av skulane i byane og dette vil i stor grad gå ut over rekrutteringa av lærarar i distrikta. Det vil kunna bety at ein får ei flytting av ressursar til byane, på distrikta sin kostnad. Dersom skular i distrikta skal måtta basera seg på å tilsetja lærarar utan godkjent utdanning fordi dei som har lærar-utdanning søker seg til bynære strøk, vil det føra til ei kraftig svekking av skuletilbodet i distrikta.

Austebøgd skule støttar at kontrollen må gjerast på kommunenivå:

Det er den enkelte kommune som kjenner dei lokale behova best, også på skule. Samarbeidsutvalet meiner difor at den enkelte kommune må få styringa, dersom bestemmingar om lærar-tettleik i grunnskulen skulle bli innført.

Samarbeidsutvalet ved Manger skule

tok ikkje stilling til kor vidt ein eventuell minsteressurs bør lovfestast på skulen eller i kommunen. Dei tar heller ikkje stilling til om ordninga bør innførast, men peikar på fleire moment som er viktige i samband med ei eventuell innføring av lovfastsett lærartettleik.

Samarbeidsutvalet ved Sæbø skule konkluderer på denne måten:

Det synes lite gjennomtenkt å nytta 1 – 2 mrd for å gjera resultata i norsk skule dårlegare.

Administrerande direktør i KS, Sigrun Vågeng kommenterer saka slik:

Innføring av bemanningsnorm for lærere kan gi dårligere tilbud i kommunene på andre områder, slik som pleie og omsorg, barnevern og irett/kulturtilbud til barn og unge.

Det svekker også innbyggernes muligheter til å påvirke lokale prioriteringer i kommunen gjennom kommunevalget.

I dag mangler vi lærere. Det er svært tvilsomt om en slik norm vil gi flere lærere. Men det vil garantert føre til flere byråkrater som skal skrive og innvilge søknader om dispensasjon fra normen, sier Sigrun Vågeng.

Dette er også hovudpoeng i KS sin høyringsuttale.

Rådmannen noterer skulane sine synspunkt, og vil følgja opp KS-direktøren med å peika på at summen av overføringar, skatt og andre inntekter i kommunane vert strengt regulert av staten - ikkje ut frå ei vurdering av kva kommunane treng, men ut frå kva staten vurderer at nasjonal-økonomien tåler når staten har brukt det han treng.

Reglar om minste lærartettleik vil først og fremst slå ut i sentrale strøk, og når dei vert fullt ut kompensert, vil dei over tid medføra ein ressursoverføring frå distrikta til storbyane. Ei slik omfordeling er ikkje sakleg grunngeve verken i høyringsdokumentet eller i resultatata på nasjonale prøvar.

Ut frå dette vil rådmannen i utgangspunktet rå til at staten ikkje gjennomfører denne saka. Ettersom høyringsdokumentet ikkje spør om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet, rår rådmannen til at regelverket vert gjort gjeldande på kommunenivå med minst mogleg omfang.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune viser til Kunnskapsdepartementet sine høyringsframlegg til tre endringar i opplæringslova og privatskulelova, og gjev følgjande uttale til desse:

- Dersom staten vil innføra standardar for lærartettleik, må standarden vera knytt til snittet i kommunen.
- Ei lovbestemming som klargjer at skoleeigar kan organisera særskilde innføringstilbod for nye minoritetsspråklege elevar, er ei klargjering av gjeldande rett.
- Innføring av eit lovverk om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) er positivt.

01.12.2011 FORMANNSKAPET

Frode Hervik (V) sette fram følgjande tilleggsframlegg som skal stå framfor rådmannen sine tre punkt:

Radøy kommune går mot regjeringa sitt framlegg om å lovfeste lærartettleiken i grunnskulen, fordi dette vil vere ei statleg detaljregulering som fråtek kommunane handlefridom som skuleeigarar. Dette kan føre til mindre kreativitet i kommune-Noreg innanfor skuleutviklingsfeltet.

Radøy kommune meiner også at framlegget frå regjeringa kan få negative konsekvensar når det gjeld rekruttering av kompetente lærarar i mindre kommunar i distrikta.

Radøy kommune understrekar at skuleforskning ikkje viser nokon samanheng mellom lærartettleik og læringsresultat, men at det viktigaste suksesskriteriet for ein god skjule er lærarane sin kompetanse. Difor ber Radøy kommune regjeringa i staden om å satse meir på vidareutdanning av lærarar.

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta framlegget frå Frode Hervik saman med rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS-101/11 VEDTAK:

Radøy kommune går mot regjeringa sitt framlegg om å lovfeste lærartettleiken i grunnskulen, fordi dette vil vere ei statleg detaljregulering som fråtek kommunane handlefridom som skuleeigarar. Dette kan føre til mindre kreativitet i kommune-Noreg innanfor skuleutviklingsfeltet.

Radøy kommune meiner også at framlegget frå regjeringa kan få negative konsekvensar når det gjeld rekruttering av kompetente lærarar i mindre kommunar i distrikta.

Radøy kommune understrekar at skuleforskning ikkje viser nokon samanheng mellom lærartettleik og læringsresultat, men at det viktigaste suksesskriteriet for ein god skjule er lærarane sin kompetanse. Difor ber Radøy kommune regjeringa i staden om å satse meir på vidareutdanning av lærarar.

Radøy kommune meiner at:

- Dersom staten vil innføra standardar for lærartettleik, må standarden vera knytt til snittet i kommunen.
- Ei lovbestemming som klargjer at skoleeigar kan organisera særskilde innføringstilbod for nye minoritetsspråklege elever er ei klargjering av gjeldande rett.
- Innføring av eit lovverk om opplæring ved behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) er positivt.